



HAREID KOMMUNE



HANDLINGSPROGRAM 2016-2019

**ÅRSBUDSJETT 2016
ØKONOMIPLAN 2017-2019**

Uttale etter offentlig ettersyn



SÆRUTSKRIFT AV MØTEBOKA TIL SAMARBEIDSUTVALET VED DEI KOMMUNALE BARNEHAGANE I HAREID

Hareid, 23.11.2015

Samarbeidsutvalet for dei kommunale barnehagane har i møte 23. november 2015 drøfta årsbudsjettet for 2016- Handlingsprogrammet 2016-2019.

I budsjettframlegget for oppvekst er det i 2016 lagt inn ein driftsreduksjon på 2 mill. For å halde den framlagde budsjetttramma for 2016, skriv rådmannen at sektoren må inn i eit omfattande omstillingsarbeid for å ta ned drifta. Driftstilpassinga vil føre til reduksjon i tenestetilbodet på skulane, medan rådmannen held fast på bemanninga som ligg føre i barnehagane.

Kommentarar til driftstiltak:

Bemanning:

SU for dei kommunale barnehagane ser det som særskilt viktig at bemanninga i barnehagen vert «freda». Personalet er den viktigaste ressursen innafør sektoren, og barnehagane treng stabile økonomiske rammer å arbeide etter. Dei tilsette i barnehagen har ein krevjande jobb og er heilt avhengige av å ha nok personale kvar dag. Derfor er det viktig at barnehagane får behalde den bemanninga dei har i dag.

Dei fleste borna som veks opp i Norge, har ein god oppvekst, men nokre er likevel meir sårbare enn andre. Nokre born opplever allereie i barnehagealder at dei vert utsette for utestenging og mobbing. Tidleg innsats er eit nasjonalt satsingsområde og handlar om korleis barnehagane og skulane er i stand til å arbeide systematisk med tidleg kartlegging og avdekking av vanskar hjå borna. På den måten kan vi sette inn tiltak og hjelp så tidleg som råd og førebygge ei problematisk åtferd. Dette er heilt avgjerande for at borna skal få ei generell god utvikling og ei god psykisk helse.

Overtidsressursen i dei kommunale barnehagane.

Rådmannen har ikkje funne rom for å auke overtidsressursen i barnehagane. Dette gir ei utfordring med tanke på at alle samrådsmøte for tilsette må gjennomførast etter stengetid. Tilsette skal legge til rette for eit trygt og stimulerande læringsmiljø og samtidig skape ein god organisasjon i utvikling og som fremmar læring. Dette stiller krav til samråding og kompetanseheving for heile personalgruppa. Kvar tilsett opparbeider seg minimum 30 t overtid per barnehageår som vi ikkje har budsjettdekning for.

Kommentar til investeringstiltak:


Noko av det som gjer Hareid attraktiv for småbarnsforeldre, er nettopp eit variert barnehagetilbod, med både små og store einingar, sentrumsnært og i krinsane. Siste året har administrasjonen hatt høg prioritet på sikringstiltak på uteområda. (på to av dei tre kommunale barnehagane). Hareid barnehage har enno ikkje fått oppgradert sikringstiltak som nytt gjerde og ny port. I tillegg må Hareid barnehage reparert ventilasjonsanlegget sitt.


Det er ikkje til å kome vekk i frå at første inntrykket er viktig når foreldre skal velje barnehageplass til borna sine. Og her ligg dei kommunale barnehagane langt etter dei private.


Bygningsmassen og leikeapparata manglar per i dag generell malingsarbeid. Etter vårt syn er dette ei lita investering, men som vil gje eit stor utslag i positiv retning.

Med helsing

Metka Ferlic, leiar for SU- Hareid barnehage


Leif Andre Vik, leiar for SU- Bigset barnehage


Bjørn Røyset, leiar for SU- Syverplassen barnehage





MELDING OM UTTALE

Frå

Møte i RFU 02.12.2015

Saksnr	Løpenr.	Klassering	Avd / sakshandsamar	Dato
2015/1378	11959/2015	124	RÅD/ BAG	

Melding om uttale frå møte i RFU 02.12.2015

PS 12/15 Handlingsprogram 2016 - 2019

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne si handsaming:

Ottar Røyset, H, fekk innvilgde permisjon å gjekk frå møtet.

4 voterande

RFU kom med fylgjande merknad til handlingsprogram 2016-2019

-Ser alvorlig på reduksjon i det sosiale tilbodet til brukarane ved bu og habilitering då dette vil avskjere dei frå all sosial omgang og alle aktivitetstilbod utanom heimen.

-Reagerer sterkt på nedskjering av pedagogstillingar i skulen då dette rammar alle elevar i skulen, både dei med og utan spesielle behov. Skulane i Hareid er allereie drifta utan tilstrekkelige ressursar for å kunne tilby lovpålagde tenester. Viser til handlingsplan der konsekvensutgreiinga seier at dette vil føre til direkte brot på opplæringslova.

Røysting:

Samrøystes



**Råd for menneske med nedsett funksjonsevne si uttale frå møte
02.12.2015:**

**Kommunestyret vedtek Handlingsprogram 2016 – 2019 Tilråding og
politisk vedtak slik det ligg føre med saksvedlegg.**

Med fyljande merknadar:

RFU

**-Ser alvorlig på reduksjon i det sosiale tilbodet til brukarane ved bu og
habilitering då dette vil avskjere dei frå all sosial omgang og alle
aktivitetstilbod utanom heimen.**

**-Reagerer sterkt på nedskjering av pedagogstillingar i skulen då dette
rammar alle elevar i skulen, både dei med og utan spesielle behov.
Skulane i Hareid er allereie drifta utan tilstrekkelige ressursar for å kunne
tilby lovpålagde tenester. Viser til handlingsplan der konsekvensutgreiinga
seier at dette vil føre til direkte brot på opplæringslova.**

Hareid, 15.12.2015

Rett utskrift:

Sissel Nevstad
førstesekretær

Utskrift sendt: sakshandsamar for ekspedering





Hareid kommune
Rådhusplassen 5
6060 HAREID

Høyringsvar til formannskapet sin innstilling om budsjett 2016

Vi viser til innstilling frå formannskapet om årsbudsjett og økonomiplan for perioden 2016 til 2019.

Robek

Hareid kommune ble meldt inn i «Register om betinget kontroll og godkjenning» (Robek) i 2011. Robek vart innført for 15 år sida, og Hareid kommune har vore innmeldt i 13 av dei 15 åra. Etter gjeldane forpliktande plan skal kommunen har dekkja inn alt underskott i 2016. Hareid kommune kan bli meldt ut av Robek i 2017 når kommunestyret har vedteke årsrekneskapen for 2016.

Fylkesmannen sine forventningar

I møte med formannskapet den 16. november i år, hadde fylkesmannen følgende forventningar:

1. Kommunen dekker inn underskott i tråd med plan
2. Ikkje la positive økonomiske resultat i dei seinare åra bli ei «sovepute»
3. Hald fram med god budsjettprosess og god budsjettstyring

Det er viktig at Hareid kommune dekker inn resteranda underskott i 2016. Fylkesmannen forventar at dette får prioritet. Hareid kommune er den kommunen i Møre og Romsdal som har vore lengst i Robek. Det er klart at det må vere eit overordna mål for både kommunen og fylkesmannen at Hareid kommune skal vinne att økonomisk balanse og bli meldt ut av Robek.

Lånegodkjenning

Fylkesmannen har tidlegare redusert lånegodkjenninga til Hareid kommune på grunn av kommunen sin økonomiske situasjon og fordi kommunen ikkje har overheldt forpliktande plan.

Fylkesmannen vil godkjenne lån knytt til interkommunale tenester og sjølvfinansierende investeringar innan VAR-området. I tråd med målet om at Hareid kommune skal ut av Robek, vil fylkesmannen halde fram med å vere restriktiv med godkjenning av lån som vil leggje press på dei frie inntektene.

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f.)
ass. fylkesmann

Martin Gjendem Mortensen

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.



HAREID KOMMUNE
Rådhusplassen 5 6060 Hareid
Tlf. +47 70 09 50 00
postmottak@hareid.kommune.no